

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 14.09.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kommunedelplan for kulturminne for Austevoll 2016-2028 er eit godt grunnlag for forvalting av kulturminne i Austevoll kommune.
2. Austevoll kommune bør ha særleg merksemd på dei kulturminna som er knytte til førhistorie, kystkultur og fiskeri, landbruk og samferdsle.
3. Planen treng nokre mindre endringar på struktur og presentasjon for å bli eit godt plandokument for styring og utvikling av kulturminnevernet i kommunen og i formidlinga av viktige kulturminne.
4. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Austevoll. Tiltak i handlingsplanen bør konkretiserast med kven som har ansvar for oppfølging, kostnad, finansiering, framdrift og samarbeidspartnerar.
5. Kommunen bør prioritere gjennomføring av handlingsplanen, setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på kulturminnerefagleg rådgjeving for private eigarar og lokal handverkarar.